



Musland Maskin jobbar hardt på Børnes om dagen

Det er inga nyhende at stein vert send frå Kina til Noreg, men det er ei nyhende at stein køyrast frå Uskedalen til Odda. Der skal den grovaste steinen som no vert teken ut på Børnes nyttast til plastring mot elva Opo som gjekk amok og anretta store skader for ei stund sidan. Partiet er ein mindre del av eit uttak på 12 000 kubikkmeter som Brødrene Musland Maskin no tar ut på Børnes.

Størsteparten vert brukt av Brødrene Musland Maskin i eiga verksemd. Kor stor andel steinen til Odda vil utgjera veit ikkje Tore Musland førebels, men han er glad for denne leveransen. Den vil omfatta steinar over 3 tonn, som held stand mot elva.

Steinknusinga går no for fullt på Børnes og 7000 kubikk er teke ut til no. På denne måten ryddar det driftige firmaet meir plass også til eiga verksemd.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Knuseverket går både seint og tidleg